

Tips mot frosne vassleidningar

No bør folk planlegge for å hindre at vassleidningen frys når sprenkulda slår til igjen. Vassleidningane kjem vanlegvis inn i huset i kjellaren. Pass derfor på å lata att kjellardører og vindauge. Dersom det er opningar, gliper eller liknande i veggane, så ditt isolasjonsmateriale inn i desse. Har du ein uisolt kjellar kan det løne seg å setje ein varmeomn der vassleidningane er, i dei kaldaste periodane. Det kan vera både vanskeleg og dyrt å tine opp frosne rør, så det lønner seg fort å vera føre var.

Nei til bustadplan i Folkestad

Grunneigar av eit 15 dekar stort areal mellom Trytetjønnvegen og parkeringsplassen til Bø Sommarland ønskjer å bygge 12–15 einebustader på tomta. Eigedommen ligg som LNF-område i kommuneplanen og innanfor eit større friluftsområde i Folkestadåsane. I LNF-området blir byggeverksemnd normalt berre tilte om det er knytt til stadbunden næring. Kommuneplanen som blei vedteke i mars 2009 har ikkje opna for utbyggingsformål på dette arealet. Planutvalet tilrådde sist tysdag samråystes å ikkje fremje forslag til reguleringssplan for bustadbygging på arealet, og viser til at området vart lagt ut som LNF-område, sone A, i kommuneplanen.

Blei einige om vegen

Bø Tråvlag varsla før jul stenging av Skyttarvegen. No har dei kome til einigkeit med Bø kommune som overtek både veg og parkeringsareal i tilknyting til tråvbana.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

Representantar frå Bø Tråvlag gjekk hardt ut før jul og varsla stenging av vegen opp til tråvbana om ikkje Bø kommune gav tråvlaget kompenasjon for opparbeida veg og parkeringsareal i samband med forslag til reguleringssplan for eit idretts- og friluftslivanlegg i Nordbøåsen.

Forhandlingsmøte

Ordførar Arne Storhaug (Ap) orienterte formannskapet sist måndag om at kommunen etter eit drøftingsmøte med tråvlaget, skyttarlaget og grunneigar har kome til einigkeit om overtaking og drift av veg og parkeringsareal.

– Tråvlaget har akseptert vårt forslag, sa Storhaug nøgd, og viste til eit heller spissa konfliktoppslag i lokalavisa om saka.

Bø kommune betalar Bø Tråvlag 250.000 kroner for overtaking av veggrunn frå Rokkemakervegen til tråvbana, samt opparbeidd parkeringsplass. Grunneigar på Nerbø og Bø skyttarlag får inntil 90.000 kroner for sal av areal til parkeringsområdet.

– Det har blitt ei heilheitleg løysing, seier Storhaug, og la til at det no er fri ferdsel på vegen



Avtale sikra fri ferdsel på vegen til tråvbana: Per Arntzen (t.v.) og Kjetil Hynne frå Bø Tråvlag symboliserer «stenging» av Skyttarvegen for grupper og lag som ikkje har bruksrett. Lars Håkonsen og Ralph Høksaas (t.h.), representerer skiskyttar- og langrennsmiljøet.

for alle.

Ny praksis?

I sakspapira står det at dette er ein veg som er finansiert med tilskot frå kommunen.

– Skal kommunen kjøpe ein veg som kommunen sjølv har gjeve opparbeidingstilskot til, spurte Eivind Eckbo (Sp), og undra på om kommunen no innførte ein ny praksis i overtaking av private vegar som også betjente trafikk til kommunale føremål.


Eckbo drog ei samanlikning til vegar i Breisås, og lura på om det berre var å ta kontakt med kommunen sitt forhandlingsutval for å diskutere kommunalt kjøp av veg.

– Dette er ingen ny praksis, men meir eit særtilfelle, svara rådmann Åse Egeland, og viste til at det var ein stor gevinst for alle partar å kunne disponere parkeringsplass og veg til dei føremåla som det nye anlegget i Nordbøåsen vil medføre.

– Ein må hugse at reguleringssplanen for anlegget i Nordbøåsen ikkje er kommunalt fremma, men skjer i regi av Bø idrettsråd, peika ho på.

Løyvde pengar

Formannskapet vedtok samråystes ei tilråding om å løyve 400.000 kroner til grunnkjøpa på Nordbøåsen.



Kritisk: Eivind Eckbo (Sp) spurte formannskapet om vegkjøpet er ein ny praksis i Bø kommune.

Johnsen & Nordberg

Neste onsdag kjem tidlegare Vamp-vokalist Vidar Johansen og hans svenske ven Peter Nordberg til kulturhuset i Bø.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

Johansen og Nordberg gav ut albumet «I ild og vatten» rett før jul og legg i februar ut på ein omfattande noregsturné. I løpet av 52 dagar skal dei besøke 32 plassar på kryss og tvers av landet, mellom Lyngdal i sør og Hammerfest i nord.

Lang turné

Dei opna turnéen i Ål på tysdag og ender til slutt opp i Gjøvik 25. mars etter å ha reist over 1.100 mil på kryss og tvers i heile landet.

Duoen gav ut sitt debutalbum i 2007. Den gongen var Vidar Johansen godt kjent i Noreg etter å ha vore vokalist og frontfigur i Vamp i perioden 1999 - 2006. Svenske Petter Nordberg var nok meir ukjent for dei fleste her på berget. Debutplata solgte heile 40.000 eksemplar og blei nominert til Spellemannsprisen.

Gutta har vore produktive og

gjeve ut plate både hausten 2008 og altså i desember 2009.

Strøkent band

Herrene Johnsen og Nordberg har med seg tre musikarar på turnéen og dei er ikkje kven som helst: Rune Arnesen på trommer, Kjetil Dalland på bass og Kjell Harald Litangen på diverse strengeinstrument.

Onsdag 10. februar blir altså desse fem karane å treffe på scena i Gullbring kulturanlegg.



Klare for Gullbring: Vidar Johnsen (t.v.) og Peter Nordberg.